

Næringslivet, arbeidslivet

Arne Thorvik, Statoil

Lat meg få opna med ein kort refleksjon som korkje er original eller ny, men som gir både aktualitet og relevans til dagens seminar tema: Språket speglar samfunnet.

I vår vesle norske andedam har vi i vår ennå mindre mediedam fått rikelege eksempel på at språkbruk ikkje berre er eit spørsmål om form, men at det i høgste grad er eit formspørsmål som i seg sjølv formidlar eit innhald.

- Vår alles prinsesse Ragnhild har pr. langdistanse plumpa kraftig uti denne andedammen vår i sine karakteristikkar av sine yngre slektningar. Prinsessa som forlet landet tidleg på femtitalet, sa at dei unge prinsar og prinsesser hadde så ”rare meninger – nei forresten stryk det og sett moderne.”
- Den gamle storhopparen, Torbjørn Yggeseeth, som vart jettflygar, synest det er ”noe tull at pikebarna skal bedrive skiflyvning.”
- Ikkje skal eg våga å trekkja konklusjonen om Språkrådet står for det språkleg moderne eller det substansielt arkaiske med sine utspel om ”råkk’n råll” og ”beiken” – som i Hardanger nok burde lyda som ”baiken”.

Alle mine tre tabloide døme fortel vel først og fremst litt om kva slags debattar som opptek den overmette norske medieklassen, men dei er likevel svært gode døme på korleis språkspørsmål speglar ein debatt om modernitet kontra tradisjon eller arkaisk tankegods.

Så gjeld det å finna den glidande overgangen til det eg eigentleg skulle formidla:

Utfordringane for norsk språk i norsk næringsliv. På skarve ti minuttar vert det kort nok til at eg diverre berre kan sveipa innom dei spørsmål som for meg står som viktigast, og kort nok til at eg heldigvis slepp å grunngjeva mine synspunkt for djuptgåande. Kanskje best slik.

Mine tabloide påstandar, som eg kort skal gjennomgå, er følgjande:

- At alt heng saman med alt
- At kampen om egg og bacon er tapt i vår cappucino-tid
- At det er innhaldet og ikkje språket som tel
- Og at nynorskfolk, samar, pakistanarar og kvinner lyt vera litt flinkare enn andre

Det første først: Alt heng saman med alt.

Den største utfordringa for det norske språk er at kampen om det nasjonale truleg for lengst er tapt i vår verdsdel. Trass i at nasjonalistiske krampetrekningar baserte på språk, etnisitet eller religion stadig drep menneskemassar frå Balkan til Sudan, frå Gaza til Mellom-Amerika og frå Irak til Indonesia, så er det det globale som ruler, for å seia det på moderne gatenorsk.

Globaliserings- eller regionaliseringstendensane er langt frå eintydige, men desse kreftene er langt kraftigare enn det Ariel Sharon, ein Al Quaida-terrorist eller ein baskisk nasjonalist kan klara demma opp for med piggråd, kuler eller bomber. For kvar gong eg landar i Shanghai, spaserer i Ginza i Tokyo, for kvar gong eg går inn i metro-en i Brussel eller sveivar innom Statoil-stasjonen i Øystese, så vert det sterkare og sterkare: Alle freistar fjortisane å sjå ut som dei underprivilegerte getto-ungdommane i Washington – å adoptera ganglaget, helsemåttane (“What’s up, man?”), gjengmentaliteten og ikkje minst klesstilen deira – diverre også

stoffmisbruket og andre farlegare utvekstar. Og klesdesignarane tek trenden, og kommersialiserer han.

Men til sjuande og sist er det ei samfunnsending som eg trur vi er i ferd med å tapa – om det nokon gong var ønskjeleg å vinna: Det nasjonale og lokale vil alltid ha sin plass – også i språket. Men det første store slaget er over: Hans Blix tapte for Bush og Blair, dei små bedriftene tapar for dei store, det norske blir for smått, dei politisk dirigerte medie-propagandamaskinane har tapt for sin like einsretta, men ikkje politisk dirigerte CNN på kvart einaste hotellrom verda over. Og engelsken vinn sakte, men sikkert over dei fleste andre store verdsspråk. Nå er det utan tvil ein viss grunn til optimisme hjå dei som trur på det lokale og nasjonale: Bush vann krigen, men tapar freden. CNN er klart dårlegare enn BBC. Bruken av bunad eller nasjonalt kledebon er på kraftig framvokster blant Statoil-tilsette i Nigeria, som kastar slipset og Armani-drakta. Og så vidare. Men tendensen er klar: Det er dei store politiske og kulturelle tendensane som dirigerer språket vårt – ikkje Norsk språkråd. Presteskapet i Iran kan nok utsetja moderniseringa ei tid, men opnar dei ikkje døra, får dei revolusjon i staden.

Difor må Språkrådet få lov til å setja sitt arbeid inn i den vidare politiske og kulturelle ramma, og reflektera, og ha eit syn på denne kampen: Vi må altså unngå å hamna i ein språkleg naivisme og purisme av det islandske slaget, og vi må unngå å bli språkterroristar. Samstundes skal vi sjølv sagt ikkje leggja oss flate for einkvart kommersielt bestemt påbod frå trendforskarane bak Nike, Cola og MTV om å visa navlen eller å gå på luftputer. Det viser seg å vera plass både for puppen til Janet Jackson, for hardingfela og for hobbiten Kurt: Språkrådets aksiom bør derfor vera Garborgs: ”Det må vera lov å vera både jærbu, nordmann og europear – alt på same tid.”

Det bringar meg direkte over til mitt andre punkt: Om minoritetar, som vel eigentleg det heile dreiar seg om. Det har hendt ein sjeldan gong opp gjennom åra at eg har vore beden om å gjera det eg gjer i dag: Nemleg å gi uttrykk for mitt syn på språket, ut frå det at eg har blitt sett på som noko av ein sjeldan plante, ein kuriositet: Ungdomsradikal, nynorskbrukande næringslivsleiar som er for EU-medlemskap, bygdepatriot og internasjonalist. Ein mann som våga å gjera Garborg til sin helt, og sitera Vinje som ein kvar annan skulegådd nordmann. Eg er trass alt eit produkt av diktarkveldane på Øystese gymnas på sekstitalet. Aldri har eg vel provosert mine nynorskvenner meir enn da eg rundt 1990 heldt eit føredrag i Rogaland Mållag og på plastplansje sa at ”Nynorskfolk, kvinner og samar må vera eit hakk betre.” For meg betyr det to ting: For det første må vi berre akseptera at nynorsk er eit minoritetsspråk, slik også norsk er det. Så får vi leggja strategiar etter det. Og hugs at å vera ein minoritet er ikkje det same som å vera funksjonshemma. Vi treng ikkje eigen inngang eller reserverte parkeringsplassar. Det vi har krav på, er å bli tekne på alvor.

For det tredje: All mi røynsle frå diplomati og næringsliv er at er du mindre enn konkurrentane dine, lyt du konkurrera på kvalitet.

Eg meiner at historia omkring ”Affirmative Action” for dei svarte i USA, for kvinnekvotering og etablering av Sameting og Sameland, eigentleg er små og ubetydelege slag i lufta: Dei minste må framleis vera smartare, tøffare og raskare om dei skal lukkast. Den norske giganten Statoil er større enn ein pygmé, men berre ein oppkomling internasjonalt. Kvinner knuser ikkje glastaket ved hjelp av Ansgar Gabrielsens kvotering, Sametinget kan ikkje gi samane tilbake sin gamle livsstil, og så vidare og så vidare. Logikken min sviktar i mitt eige hovud på eitt punkt: Eg burde da ha akseptert fjerning av sidemålet i Oslo-skulen. Men der er eg vel

ikkje romsleg og liberal nok. Ein stad må jo grensa gå. Men eg held fast ved at mine vel tretti år i arbeidslivet – delt halvt om halvt på Noreg og utlandet, på offentleg sektor og det private – har lært meg at vi – i denne samanhengen vi som er mindre eller mindre spenstige og difor stiller med handikap – ikkje vinn med å få større fart i ovarennet, bli føretrekte blant to like søkjarar, å få starta nokre sekundar tidlegare, eller få førsteretten til oljeressursane på sokkelen. Vi må kort og godt vera eit hakk flinkare, kjappare og smartare. Og eg seier utan blygsel at da eg starta opp i UD i 1973, og insisterte på å skriva alt norsk på nynorsk, så vart det forsiktig sagt ikkje direkte populært. Så eg måtte kort og godt skriva betre enn dei andre. Men i alle jobbar der eg har hatt norsk som arbeidspråk, har det vore nynorsk – og etter tretti år kan eg rapportera at eg aldri kjenner meg diskriminert av den grunn. Nesten tvert imot – mine skriverier og Powerpoint-plansjar vert i det minste lagt merke til fordi dei er annleis. Det er i allefall ein liten oppmuntrande ting for dei som yngre er.

Men min hovudbodskap er likevel av den pessimistiske sorten: Vi er i ferd med å tapa, utan at eg heilt fattar kvifor det skjer. Og da kan eg ikkje gjera stort meir enn å peika på det eg ser som hovudutfordringane:

1 Nynorsken har nesten tapt

Eg har mange års fartstid i forlagsbransjen, som nå avgått styreformann i Det Norske Samlaget. Det har vore ein tøff kamp år for år å halda liv i dette – fordi det er dyrt å vera fattig – vi hadde ingen pengebinge å bruka til å kjøpa opp dei andre burde ha kjøpt, og vi vart pygméar i kampen med William Nygård, Erik Must, Bonner og Egmont. Vi hadde altfor få bestseljarar, dvs. vi hadde ikkje mange nok av dei beste forfattarane. Og nynorskfolk var ikkje lojale – t.d. er det mange av dei verkeleg gode nynorskforfattarane som skriv på andre forlag, fordi dei brukar fleire reklamekroner, gir høgare forskot, hadde i alle fall før ein politisk bodskap som danka ut nynorsken (Oktober) – og dei har gjævare hagefestar. Nostalgia og skuldkjensle er ikkje nok til å tvinga folk til oss. Og tre av fire i leiargruppa, samt styreleiaren i Samlaget – alle dei glitrande beste – er frå naturen si side bokmålsfolk. Det er jo nok til å få mange av våre motstandarar til å gni seg i skjegg eller hender.

Som fast lesar av lokalavisa heime – hovudorganet for både kulturministeren og meg –legg eg merke til at i denne nynorskens sterke bastion, med glitrande journalistikk, tapar språket vårt dag for dag: Fordi butikkane blir kjedeutsalg, og skal vera effektive og spara pengar, kjem alle annonsane i ferdig format frå konsernet, og alt frå pinnekjøtt til fôrhaustarar vert averterte på bokmål. Igjen: Det er økonomiske og politiske utviklingstrekk, ikkje språkpolitikken som er avgjerande.

Eg kan ikkje dy meg for å nemna at desse medie-maktmenneska som så forakteleg – og med god grunn – tek Carl I. Hagen fatt for at han ikkje vil bli sitert på nynorsk, dei burde passa seg: Dei aller dyktigaste politiske kommentatorane våre – Harald Stanghelle og Olav Versto – og minsanten nå også Anderas Hompland – får tydelegvis ikkje lov til å skriva og uttrykkja seg på sitt eige mål! Det er berre kvar gong deira journalistvenner kallar dei inn i eit radio eller TV-studio dei får bruka sitt språk i fri dressur. Ein forakteleg politikk, spør du meg.

2 Engelsken har vunne.

Eg seier det utan blygsel og redsle: I så godt som alt mitt skriftlege arbeid har eg innført engelsk som arbeidspråk. På Statoils Brussel-kontor er vi tre personar, alle norske, alle med ein god penn meiner eg – men vi produserer alt skriftleg på engelsk. Kanskje er det litt ille for mange å høyra, og det er ikkje noko sentralt pålegg – ennå. Men det kjem nok. Med aktivitet og medarbeidarar i 25 land er vi interesserte i å produsera slikt som alle i Statoil kan få med

seg. Vi har ikkje tid eller ressursar i selskapet til å vera tospråklege i alt vi gjer. Difor arbeider vi skriftleg på engelsk. Det er for tida det einaste svaret eg har på den utfordringa at vi pr. i dag stiller mange menneske i selskapet utanfor dersom vi insisterer på å bruka norsk. Lat meg for all del leggja til at mangt og mykje i Statoil vert produsert på alt frå spansk til azeri og etter kvart arabisk og farsi, men vi må ha ein fellesnemnar. Samstundes er det eit stort tankekors for meg at gjennom i alt sju år i Sveits har eg sett i praksis at dette samfunnet lever rimeleg godt – men strevar sjølvstekt ein del – med å få tysk, fransk og italiensk – og ørlite retoromansk – til å leva side om side. Migros og Coop, bilseljarane og det offentlege lyt produsera tekst på mjølkekartongane, bilannonsar og giroblankettar på tre språk. Det er forunderleg, og det er hyggeleg at det går – på eit vis og enn så lenge. Men det er mykje sinne og mumling i den fransktalande delen over å måtta lære tysk som andrespråk. Difor taper tysken mot engelsken der og. Eit noko mindre tankekors er det at EU-15 har klart å bevare alle medlemslands språk i tolking og i dokumentasjon – og tek mål av seg til å gjera det same også med 25 medlemmer. Men det er ingen tvil om at også der føregår den same naudsynte effektiviseringa: Engelsk, og i nokon grad fransk og tysk vert arbeidsspråket.

Til slutt må eg altså få oppsummera med det innlysande og sjølvstekte: Alt heng saman med alt. Språket påverkar samfunnsutviklinga, men nettopp nå er det i alle fall langt viktigare at samfunnsutviklinga pregar språket. Og som den internasjonalist og garborgianar eg er, så trur eg at vi må tilpassa oss globalisering i næringsliv, økonomi og politikk, kjempa for det vi har kjært, slåst for pluralisme og mot amerikanisme, og for det som gir oss eit konkurransefortrinn også på dette feltet. Og da er det kanskje ikkje beiken eller baiken som er det viktigaste. Eller var det berre tabloiden som gjorde det til det?

Takk for meg!